



DET KONGELEGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 57

(2005–2006)

Om lov om endringar i lov 28. juni 2002 nr. 61 om felles regler for det indre marked for naturgass, i lov 29. november 1996 nr. 72 om petroleumsvirksomhet (petroleums- loven) og i somme andre lover

*Tilråding frå Olje- og energidepartementet av 7. april 2006,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Hovudinnhald i proposisjonen

1.1 Innleiing

Europaparlaments- og rådsdirektiv 2003/55/EF om felles reglar for ein indre marknad for naturgass (gassmarknadsdirektiv II) vart vedteke i Rådet 26. juni 2003. Direktivet erstattar direktiv 98/30/EF av 22. juni 1998 (gassmarknadsdirektiv I). Fristen for å gjennomføre gassmarknadsdirektiv II i den nasjonale lovgivinga i medlemsstatane i EU var 1. juli 2004.

Den 2. desember 2005 vedtok EØS-komiteen å innlemme gassmarknadsdirektiv II i EØS-avtala vedlegg IV Energi. Etter EØS-komiteen sitt vedtak er det ein frist på seks månader for EFTA-partane til å gje melding om at interne godkjenningsprosedurar er fullført. For Noreg inneber dette at Stortinget må samtykkje etter Grunnlova § 26 andre ledd og til endring av relevante lover og forskrifter.

Stortinget er invitert til å samtykkje til godkjenning av EØS-komiteen sitt vedtak nr. 146/2005 av 2. desember 2005 om innlemmelse i EØS-avtalen av direktiv 2003/54/EF om felles regler for det indre marked for elektrisitet, direktiv 2003/55/EF om felles regler for det indre marked for gass, for-

ordning (EF) 1228/2003 om betingelsene for adgang til nettet ved grenseoverskridende handel med elektrisitet og kommisjonsvedtak 2003/796/EF om etablering av en europeisk regulatorgruppe for elektrisitet og gass («energimarkedspakken»). St.prp. nr. 52 (2005 -2006) vart fremma for Stortinget 7. april 2006.

1.2 Generelt om innhaldet i gassmarknadsdirektiv II

Gassmarknadsdirektiv I (98/30/EF) var det første steget for å utvikle rammer for ein effektiv og fungerande gassmarknad i EU/EØS. Gassmarknadsdirektiv II er basert på at EU meiner det er eit potensial for betring på enkelte område for å fremje ein velfungerande indre marknad for naturgass. Gassmarknadsdirektiv II justerer gassmarknadsdirektiv I på fleire punkt. Særleg var det ønskjeleg å harmonisere reglane meir om tariffar og vilkår for tredjepartstilgang til overførings- og distribusjonsnetta. Vidare var det viktig å innføre nye reglar om å skilje verksemd knytt til overføring og distribusjon frå verksemd som kan vere utsett for konkurranse.

Gassmarknadsdirektiv II er utforma for å regulere ein moden marknad med etablert infrastruktur. Direktivet balanserer òg omsyna til ein marknad under oppbygging og marknader som er meir utvikla. Innafor ramma av direktivet er det mogeleg å ta omsyn til spesielle høve i dei landa der gassmarknadene er lite utvikla. Gjennomføring av gassmarknadsdirektiv II i Noreg vil difor ta omsyn til at den norske nedstraumsgassmarknaden er å rekne som ein marknad under oppbygging i tråd med direktivet artikkel 28 (2). Status som marknad under oppbygging inneber at Noreg innafor direktivet sine rammer kan bruke inntil 10 år frå 2004 – tida fram til 2014 – for gjennomføring av fleire av reglane i direktivet. I EØS-komitevedtaket av 2. desember 2005 er det slått fast at Noreg er ein gassmarknad under oppbygging. Dette gir mellom anna høve for unntak frå reglane om tredjepartstilgang, reglane om utpeiking av operatør for overføring og distribusjon av naturgass og om krav til selskapsmessig og funksjonelt skilje av operatørar for overførings- og distribusjonsnett for naturgass.

Hovudendringane i gassmarknadsdirektiv II i høve til gassmarknadsdirektiv I (98/30/EF) er:

- Reglar om offentlege tenesteplikter («public service obligations») og forbrukarvern er styrka for å gi betre høve til å ivareta allmenne økonomiske interesser (artikkel 3).
- Reglar om forsyningstryggleik er i hovudsak innarbeida i direktivet artikkel 5.
- Det vert innført minimumskrav til «unbundling» av vertikalt integrerte gasselskap. Direktivet stiller ikkje opp krav til eigarmessig skilje (artikkel 9 og artikkel 13).
- Når det gjeld tredjepartstilgang til systemet skal kundar ha rett til tilgang på grunnlag av på førehand kjende tariffar og vilkår (regulert tredjepartstilgang) (artikkel 18).
- Det kan gjerast unntak frå reglane om tredjepartstilgang for ny infrastruktur, samt utvida unntak for område der gass ikkje tidligare har vore introdusert (artikkel 22 og artikkel 28).
- Tempoet for marknadsopning er justert sidan marknaden for ikkje-hushaldningskundar skal opnast fullt ut allereie frå 1. juli 2004 og marknaden for hushaldningskundar skal opnast frå 1. juli 2007 (artikkel 23).
- Nytt i direktivet er reglar for regulatorfunksjonane som seier at desse skal vere uavhengige av dei økonomiske interessene i sektoren. Regulatoroppgåvene er godt definerte, og inneheld mellom anna tvisteløsningsfunksjonen (artikkel 25).

1.3 Endringer i andre lover

Etter oppmoding frå Utanriksdepartementet vert det i denne proposisjonen òg fremja einskilte mindre endringar i lover som ikkje har samanheng med gjennomføringa av gassmarknadsdirektiv II.

I samband med førebuinga av framlegging for Kommisjonen for kontinentalsokkelen si yttergrense, synes det å vere høve for at Noreg har sokkel utanfor 200 nautiske mil som strekker seg over ei tenkt midtlinje med omsyn til annan stat, utan at denne staten for sin del kan gjere krav på denne delen av sokkelen. Det kan elles vere andre situasjonar der partane gjennom forhandlingar blir samde om løysingar for område utanfor 200 mil, som kan avvike frå ei midtlinje rekna ut frå partane sine kystar ved at også andre moment vert tillagt relevans i samsvar med folkeretten.

Innafor 200 nautiske mil kan det i samband med drøftingar knytt til avgrensing mot annan stat ved visse høve av praktiske grunnar vere trong for å la ei avgrenslingslinje for både sokkel og sone gå ut over midtlinja gjennom avtale med framand stat.

Desse endringane gjeld følgjande lover:

- lov av 21. juni 1963 nr. 12 om vitenskaplig utforsking og undersøkelse etter og utnyttelse av andre undersjøiske naturforekomster enn petroleumforekomster (sokkelloven)
- lov av 17. desember 1976 nr. 91 om Norges økonomiske sone
- lov av 29. november 1996 nr. 72 om petroleumsvirksomhet.

2 Bakgrunn

2.1 Høyeringa av framlegget om endringer i naturgasslova og petroleumslova som følgje av gassmarknadsdirektiv II

Olje- og energidepartementet sendte framlegg om endringar i naturgasslova og petroleumslova som følgje av gassmarknadsdirektiv II på høyring den 23.2.2005 (høyringsutkastet). Høyringsutkastet vart sendt til følgjande institusjonar og organisasjonar:

- Alle departement
- Alle fylkesmenn
- Sametinget
- Alle fylkeskommunar
- Aker Energy AS
- Amerada Hess Norge AS
- BP Norge AS
- Det Norske Oljeselskap AS
- DONG Norge AS
- Enterprise Oil Norge AS

Om lov om endringer i lov 28. juni 2002 nr. 61 om felles regler for det indre marked for naturgass, i lov 29. november 1996 nr. 72 om petroleumsvirksomhet (petroleumsloven) og i somme andre lover

- Esso Exploration and Production Norway AS
- Fortum Petroleum AS
- Gaz de France Norge AS
- Idemitsu Petroleum Norge AS
- Kerr Mc-Gee North Sea
- Marathon Petroleum Norge AS
- Mobil Development Norway AS
- Norsk Agip AS
- Norsk Chevron AS
- Norsk Hydro Produksjon AS
- Norske AEDC AS
- Norske Conoco AS
- Norske Moeco AS
- AS Norske Shell
- Paladin Resources Norge AS
- Pertra AS
- Petoro AS
- Phillips Petroleum Norsk AS
- RWE Dea Norge AS
- Statoil ASA
- Svenska Petroleum Exploration AS
- TotalFinaElf Exploration Norge AS
- AS Uglands Rederi
- Gassco AS
- Statnett SF
- Lyse Gass AS
- Gasnor ASA
- Naturgass Trøndelag AS
- Naturgass Grenland AS
- Naturgass Østfold AS
- Naturgass Møre AS
- GassTrans AS
- Energibedriftenes Landsforening (EBL)
- Den Norske Advokatforening
- Oljeindustriens Landsforening
- NHO
- Norges Rederiforbund
- TBL
- Finansnæringens Hovedorganisasjon
- Norges Fiskarlag
- Havforskningsinstituttet
- Norsk gassforum
- Gassnova
- Norsk Gassenter
- Norsk Naturgassforening
- Norsk Petroleumsinstitutt
- Midt-Norsk Oljeråd
- Norges Bondelag
- Norsk Bonde- og Småbrukarlag
- Norskog
- Norsk Skogeierforbund
- Norsk Fjernvarmeforening
- Landsorganisasjonen i Norge (LO)
- Norske Boligbyggelags Landsforbund AL
- Prosess- og foredlingsindustriens Landsforening
- Norsk Bioenergiforening
- SINTEF Energiforskning AS
- Institutt for energiteknikk
- NOPEF
- Kommunenes Sentralforbund
- OFS
- YS-Forbundet NOFU – Norges Funksjonærforbund
- ZERO
- Greenpeace Norge
- Miljøstiftelsen Bellona
- Natur og Ungdom
- Norges Naturvernforbund
- Norges Miljøvernforbund
- Oljedirektoratet
- Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)
- Enova SF
- Direktoratet for sikkerhet og beredskap (DSB)
- Regjeringsadvokatembetet
- Universitetet i Oslo/ Senter for Europarett
- Universitetet i Oslo/ Nordisk Institutt for Sjørett, avdeling for Petroleumsrett

Det er i alt kome inn 31 fråsegner til høyringsutkastet. Av dei mottekne høyringsfråsegnene er 5 realitetsfråsegner; Norsk Naturgassforening, EBL, NVE, Advokatforeningen og DSB. Norsk Naturgassforening si høyringsfråsegn får støtte frå Norsk Gassforum og Rogaland fylkeskommune.

2.1.1 Hovudinntrykk frå høyringa

Høyringsinstansane sine merknader som er knytt til konkrete punkt i lovframlegget, vil bli handsama under dei respektive avsnitta i proposisjonen.

Hovudinntrykket frå høyringa er at det er brei semje om at Noreg i høve til nedstraums gassektor er å rekne som ein marknad under oppbygging. Den norske innlandsmarknaden for naturgass er i dag lite utvikla, men det er stor interesse for auka bruk av naturgass til energiformål i nær framtid. Det er difor no viktig at det vert lagt til rette for etablering av ein nedstraums gassektor i Noreg. Det er vidare brei semje blant høyringsinstansane om at det vil vere viktig med særskilde regionale unntak på 20 år etter perioden som marknad under oppbygging.

2.2 Endringsframlegget i andre lover

Endringsframlegget knytt til punkt 1.3 har ikkje vore på ordinær høyring. Olje- og energiministeren

har i samråd med Utanriksministeren i medhald av Utredningsinstruksen vedteke at ordinær høyring ikkje skal gjennomførast fordi «særlege omstendigheter gjør det nødvendig», jf. instruksen punkt 1.3. Det er i denne vurderinga lagt vekt på at dei føreslåtte endringane neppe er særleg kontroversielle, samt at særskilte organisasjonar vil ha interesse av å uttale seg. Endringane har vore lagt fram for departementa.

2.3 Utkast til lovproposisjon

Utkastet til lovproposisjon har vore førelagt departementa.

Proposisjonsutkastet har vore til lovteknisk gjennomgang.

3 Departementet sitt framlegg

3.1 Endringa i naturgasslova

Gassmarknadsdirektiv II medfører trong for mindre endringar i naturgasslova, mellom anna at det vert opna for å gjere ei innskrenking av tilgangsretten i høve til det som følgjer av dagens naturgasslov. Det inneber at der gjeldande naturgasslov i § 3 første ledd seier at naturgassføretak og kvalifiserte kundar skal ha rett til tilgang til systemet, vil det følgje av endringslova at Kongen kan avgjere at naturgassføretak og kvalifiserte kundar skal ha tilgang til systemet. Dette er ei følgje av at Noreg er å rekne som ein marknad under oppbygging i direktivet sin forstand, jf. artikkel 28(2).

Olje- og energidepartementet er etter ei totalvurdering kome til at det for tida er mest føremålstenleg å vidareføre systemet som vart valt ved implementeringa av gassmarknadsdirektiv I. Det inneber at ein opprettheld ei rammelov der dei sentrale prinsippa i direktivet vert nedfelt og der Kongen får fullmakt til å gje utfyllende reglar i forskrift. Ved den nærare gjennomføringa av direktivet vil det gjerast unntak i forskrift i tråd med dei høve til unntak som følgjer av direktivet artikkel 28 (2).

3.1.1 Endring i naturgasslova § 2

3.1.1.1 Departementet sitt høyringsframlegg

Departementet gjorde i høyringsutkastet framlegg om at definisjonane av omgrepa overføring, distribusjon og system i gjeldande naturgasslov § 2 første ledd bokstavane b, c og f vart endra i samsvar med ordlyden i gassmarknadsdirektiv II. I tillegg vart det framlegg om at direktivet sine definisjonar av LNG-

anlegg og kvalifisert kunde vart inntekne som høvesvis § 2 første ledd nye bokstav g og h.

3.1.1.2 Høyringsinstansane sitt syn

Til disse høyringsframlegga har departementet motteke høyringsfråsegner frå DSB og Norsk Naturgassforening.

DSB skriv til endring i naturgasslova § 2 bokstav c at dei ønskjer ei avklaring om at endringa ikkje fører til nokon materielle endringar i høve til reguleringa av forholda knytt til tryggleik for denne typen anlegg. Vidare presiserer DSB i høve til endringsframlegget til naturgasslova § 2 bokstav f at lageranlegg også fell inn under det regelverket DSB forvaltar.

Norsk Naturgassforening går i si høyringsfråsegn imot framlegget til ny § 2 første ledd bokstav h, ettersom det ikkje er behov for ein definisjon av kva som er ein kvalifisert kunde så lenge Noreg er å rekne som ein marknad under oppbygging. Foreininga peikar vidare på at definisjonen heller ikkje er nytta i den vidare lovteksten.

3.1.1.3 Departementet si vurdering

Departementet tek til orde for at definisjonen av «overføring» i § 2 første ledd bokstav b bør vere i samsvar med definisjonen i direktivet. Departementet vil vise til at «overføring» i lovas forstand ikkje omfattar transport gjennom oppstraums gassrørleidningsnett, jf. direktivet artikkel 2 (3). Dette endrar ikkje dagens forståing av omgrepet overføring, men er ei presisering av gjeldande rett. Ordlyden i direktivet er lik på dette punktet i høve til tilsvarende regel i gassmarknadsdirektiv I.

I gjeldande § 2 bokstav c gjer departementet framlegg om at ordet «overføring» vert erstatta med ordet «transport» for å bringe definisjonen i samsvar med definisjonen i direktivet, jf. artikkel 2 (5). Ordlyden i gassmarknadsdirektiv II er ikkje endra på dette punkt, og framlegget vil ikkje innebere nokon endring i gjeldande rett.

I gjeldande § 2 bokstav f gjer departementet framlegg om at definisjonen av «system» vert utvida til mellom anna å omfatte lageranlegg i samsvar med definisjonen i direktivet, jf. artikkel 2 (13). Definisjonen av LNG-anlegg, jf. artikkel 2 (11) vert teke inn som ny § 2 bokstav g. Det generelle verkeområdet for naturgasslova er negativt avgrensa mot petroleumslova sitt verkeområde, jf. naturgasslova § 1. Lageranlegg og lagring i rørleidning knytt til oppstraumsaktivitetar etter petroleumslova og til dømes LNG-anlegget på Snøkvit, som er omfatta av petroleumslova, vil difor ikkje vere omfatta av naturgasslova.

Når det gjeld høyringsfråsegna frå DSB vil departementet vise til sine merknader nedanfor under punkt 3.1.3.3.

Departementet tek til orde for at kvalifisert kunde vert definert i § 2 ny bokstav h i tråd med direktivet artikkel 2 (28) og artikkel 23. Som ein følgje av dette, kan gjeldande § 3 andre ledd opphevast, jf merknader til endringa i gjeldande § 3 nedanfor. Når det gjeld høyringsfråsegna frå Norsk Naturgassforening vil departementet peike på at omgrepet kvalifisert kunde er nytta i departementet sitt endringsframlegg til naturgasslova § 3, og det vert vist til departementet sine merknader når det gjeld dette lovframlegget nedanfor under punkt 3.1.2.

3.1.2 Endring i naturgasslova § 3

3.1.2.1 Departementet sitt høyringsframlegg

Departementet gjorde i høyringsutkastet framlegg om ei endring av naturgasslova § 3 første ledd slik at Kongen «kan» avgjere at naturgassføretak og kvalifiserte kundar skal ha rett til tilgang til systemet.

3.1.2.2 Høyringsinstansane sitt syn

Til dette framlegget har departementet motteke høyringsfråsegner frå Norsk Naturgassforening. Norsk Naturgassforening går i si høyringsfråsegn imot den foreslåtte endringa av naturgasslova § 3. Foreininga grunngjev sitt syn med at det så lenge Noreg er ein marknad under oppbygging ikkje er trong for å definere tilgang til systemet. Vidare meiner foreininga at høyringsframlegget innfører tredjepartstilgang til nedstraums gassinfrastruktur i norsk rett og gjev Kongen uavgrensa tilgang til å innføre krav om tredjepartstilgang. Etter foreininga sitt syn vil såleis ein fordel ved å bli rekna som marknad under oppbygging i mindre grad gjerast gjeldande for Noreg. Norsk Naturgassforening legg i si høyringsfråsegn fram følgjande framlegg til ny § 3 i naturgasslova:

«Regulator

Olje- og energidepartementet eller det departement som Kongen bestemmer, utfører de regulatoroppgaver som er nødvendig for å implementere direktivet.»

3.1.2.3 Departementet si vurdering

Departementet held fast ved framlegget frå høyringane om endring av naturgasslova § 3 slik at Kongen «kan» avgjere at naturgassføretak og kvalifiserte kundar skal ha rett til tilgang til systemet.

Bakgrunnen for endringa er at det no vert lagt opp til at ein gjer unntak frå mellom anna reglane om tredjepartstilgang i direktivet. Vidare kan det vere aktuelt å gjere unntak for geografisk avgrensa område, i periodar etter fasen som marknad under oppbygging, i medhald av direktivet artikkel 28 (4). Departementet vurderar trongen for dette til ei kvar tid innafor ramma av direktivet, og kan fastsetje dei naudsynte tilpassingar gjennom forskrifter i medhald av naturgasslova § 4. § 3 andre ledd vert oppheva.

Når det gjeld fråsegna frå Norsk Naturgassforening vil departementet peike på at status som marknad under oppbygging gjeld så lenge vilkåra i artikkel 28(2) er oppfylt. Unntak frå enkelte av reglane i direktivet vil vere avhengig av status som marknad under oppbygging, og vil opphøyre automatisk når medlemsstaten ikkje lenger er ein marknad under oppbygging. Unntaka kan maksimalt vare i ein periode på 10 år. Følgjeleg vil unntak frå reglar i direktivet vere avhengig av utviklinga av ein nedstraums naturgassmarknad og følgje av vurderingar av kva som er fornuftige unntak i høve til utviklinga i naturgassmarknaden. Unntak må notifiserast til ESA. Det vises òg til punkt 3.1.3.3 nedanfor om kravet til ein uavhengig regulator.

Departementet meiner at det på det noverande tidspunkt er føremålstenleg med ein regel om at tilgangen til systemet kan verte fastsett nærare i forskrift. Det inneber at ein til kvar tid kan vurdere retten til tilgang til systemet opp mot utviklingsgraden av nedstraumsmarknaden for naturgass, og om marknaden er å rekne som ein marknad under oppbygging. På den måten oppnår ein ei fleksibel regulering av tilgangen til systemet.

3.1.3 Endring i naturgasslova § 4

3.1.3.1 Departementet sitt høyringsframlegg

Departementet gjorde i høyringsutkastet framlegg om enkelte presiseringar i gjeldande § 4 om høvet til å gi forskrifter til gjennomføring og utfylling av naturgasslova. Det vart mellom anna teke til orde for å presisere at det kan gjevast nærare reglar i forskrift om retten til tilgang til systemet og andre utfyllende reglar om drifta av systemet. Døme på slike reglar er krav til naturgassføretaka si verksemd, konsesjon, rekneskap, forbrukarvern, uavhengig regulator og handsaming av tvistar, sakshandsamingsfristar og utsett iverksetting av vedtak.

Det vart òg foreslått å fastsetje egne heimlar i § 4 andre og tredje ledd til å kunne påleggje sanksjonar mot brot på plikter fastsett i eller i medhald av

lov eller forskrift. Slike sanksjonar kan vere tilbakekall eller endring av løyve eller pålegg om tvangsmulkt.

3.1.3.2 Høyringsinstansane sitt syn

Til dette endringsframlegget har departementet motteke høyringsfråsegner frå DSB, NVE, EBL, Advokatforeningen, LO og Norsk Naturgassforening.

DSB legg vekt på i si fråsegn at direktoratet regulerer store delar av drifta av systemet, og at det dermed må avgrensast mot DSB sitt ansvarsområde.

NVE skriv at direktoratet er klar til å overta arbeidet med innsamling og rapportering av prisar, volum etc. frå den norske gassmarknaden til EU/EØS. Dette med tanke på å ivareta regulatorfunksjonen ein gang i framtida.

EBL meiner at regulatorfunksjonen bør leggjast til eit organ utafor Olje- og energidepartementet som har kjennskap til energimarknaden nasjonalt.

Advokatforeningen meiner at det kan vere føremålstenleg å ta inn ein regel om unntak frå forvaltningslova for ein regulator. Eit unntak kan til dømes gjerast etter modell frå petroleumslova § 4-9 siste ledd. Trongen for eit slikt unntak må ein vege opp mot kva for slags oppgåver ein vurderer som sannsynleg at ein slik regulator kan få ansvar for. Advokatforeningen meiner at dersom oppgåvene til ein regulator vil omfatte stadige operasjonelle vurderingar og avgjerder, noko som ikkje er usannsynleg, vil ein heimel vere føremålstenleg.

LO meiner at gjennomføringa av gassmarknadsdirektiv II må ta omsyn til at Noreg er ein marknad under oppbygging. Vidare meiner LO at ei rask iverksetjing av utbygging av infrastruktur for gassrørleidningsnett er viktig, samt at naudsynte økonomiske midlar til dette vert gjeve så raskt som mogleg.

Norsk Naturgassforening meiner at så lenge Noreg er å rekne som ein marknad under oppbygging vil det ikkje vere naudsynt med ein regel med slik ordlyd som går fram av høyringsutkastet. Foreininga viser til at framlegget til endringer av naturgasslova § 4 vil skape inntrykk av at føremonene som følgjer av status som marknad under oppbygging vert tekne attende. Norsk Naturgassforening legg i si høyringsfråsegn fram følgjande framlegg til ny § 4 i naturgasslova:

«Myndighet til å gi forskrift

Kongen gir nærmere regler til gjennomføring og utfylling av denne lov så langt det er nødvendig for å implementere Gassdirektiv 2.»

3.1.3.3 Departementet si vurdering

Departementet opprettheld sitt framlegg frå høyringsutkastet, likevel slik at høyringsutkastet § 4 andre og tredje ledd om høvesvis tilbaketrekking eller endring av konsesjon og om høve til å pålegge tvangsmulkt blir teke inn som eigne lovreglar som nye §§ 5 og 6.

Departementet finn det føremålstenleg at § 4 opnar for at det kan gjevast nærare reglar om retten til tilgang til systemet og andre utfyllende reglar om drifta av systemet, slik som krav til naturgassføretaka si verksemd, konsesjon, rekneskap, forbrukarvern, uavhengig regulator og handsaming av tvistar, sakshandsamingsfristar og utsett iverksetting av vedtak.

Når det gjeld presiseringa om at lova opnar for at det i forskrift vert fastsett eit konsesjonssystem, viser departementet til at dette også reknast å følgje av gjeldande lov. Departementet presiserer at konsesjonsplikta kan gjelde anlegg for overføring og distribusjon av naturgass. Det kan vidare fastsettast reglar om forbrukarvern og om ein uavhengig regulator.

Departementet sitt framlegg opnar og for å fastsetje nærmare reglar om tvisteløysingsfunksjonen til regulatoren med naudsynte reglar om sakshandsamingsfristar i tvistesaker. Det vert foreslått ein klar heimel for at forskriftene skal kunne fastsette at klage ikkje skal kunne føre til utsett iverksetting av vedtak.

Det fastsettast ein heimel for å pålegge sanksjonar mot overtreding av plikter fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift. Slike sanksjonar kan vere tilbakekall eller endring av løyve (ny § 5) eller pålegg om tvangsmulkt (ny § 6).

Departementet vil peike på at gassmarknadsdirektiv II har reglar med krav om ein uavhengig regulator, og reglar som tillegger regulatoren oppgåver også i ein marknad under oppbygging. Direktivet artikkel 28(2) opnar ikkje for unntak frå direktivet sine reglar i artikkel 25 om regulatoren og oppgåvene til regulatoren, slik Norsk Naturgassforening synest å gå ut frå. Departementet forstår direktivet slik at regulatorfunksjonen må tilpassast ein marknad under oppbygging. Etter departementet si vurdering vil det på det noverande tidspunkt vere mest føremålstenleg at dei nærare reglane om regulatoren og eventuelle oppgåver for denne blir fastsett i forskriftene.

Når det gjeld høyringsfråsegna frå Advokatforeningen vil departementet peike på at ein på det noverande tidspunkt ikkje reknar det som føremålstenleg med ein regel om unntak frå reglar i forvaltningslova for regulatoren.

Når det gjeld fråsegna frå DSB vil departementet vise til at DSB har ansvaret for tryggleiksregulering og tekniske krav til naturgassverksemd gjennom lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernloven) av 14. juni 2002 nr. 20 med tilhøyrande forskrifter. Departementet sitt framlegg til endringer i naturgasslova fører ikkje til nokon materielle endringer i høve til tryggleiksreguleringa av slike anlegg. I den grad tilstrekkelege tekniske og tryggleiksmessige krav følgjer av brann- og eksplosjonsvernlova med forskrifter eller anna regelverk, vil det ikkje vere trong for å bruke forskriftsheimelen i naturgasslova for de tilfelle som vert omfatta av dette regelverket. I tillegg kan det vere trong for nærare reglar knytt til nedstraums naturgassverksemd ut frå heilt andre formål eller omsyn enn dei brann- og eksplosjonsvernlova er meint å ivareta. Naturgasslova gjev allereie i dag heimel til å fastsetje slike reglar, og slike reglar er allereie fastsett i gjeldande naturgassforskrift med heimel i § 4. Departementet vil i denne samanheng gjere merksam på at gassmarknadsdirektivet artikkel 6 om tekniske krav er omfatta av brann- og eksplosjonsvernlova med forskrifter. Det er tidlegare avklart med Justisdepartementet at DSB har tilsyn og ansvar for dette.

3.1.4 Endring av naturgasslova § 5

Departementet gjorde i høyringsutkastet framlegg om å endre gjeldande § 5 om etterkontroll av naturgasslova slik at denne slår fast at lova skal reviderast på ny innan 2014. Det er det tidspunktet Noreg ikkje lenger er å rekne som ein marknad under oppbygging etter direktivet artikkel 28 (2).

Departementet har ikkje motteke realitetsfråsegner når det gjeld dette framlegget. Som følgje av justeringane av § 4, jf. punkt 3.1.3 ovanfor, tek departementet til orde for at regelen vert tatt inn som ny § 7.

3.2 Endring i petroleumslova

Direktivet sine reglar om tredjepartstilgang til oppstraums gassrørleidningsnett er uendra i gassmarknadsdirektiv II i høve til det første direktivet.

Regelen er flytta frå artikkel 23 til artikkel 20 i det nye direktivet. Nytt i direktivet er at artikkel 22 om ny infrastruktur slår fast at det mellom anna kan gjerast unntak frå tredjepartstilgang til oppstraums gassrørleidningsnett for større ny infra-

struktur på nærare vilkår. Det er ikkje naudsynt med ei lovendring for å gjennomføre denne regelen i norsk rett, sidan reglane om vilkår for tilgang vert fastsett i forskrift. Elles er regelen knytt til oppstraums gassrørleidningsnett allereie gjennomført i norsk rett i medhald av petroleumslova og i forskrift i medhald av lova.

3.2.1 Endring av petroleumslova § 1-6 bokstav o

Departementet gjorde i høyringsutkastet framlegg om at det i tråd med gassmarknadsdirektiv II vert fastsett ein ny regel i petroleumslova § 1-6 bokstav o om kven som er kvalifiserte kundar.

Departementet har ikkje motteke realitetsfråsegner til framlegget, og gjer ikkje endringer i høve til høyringsutkastet.

3.2.2 Endring i petroleumslova § 1-6 bokstav l

Noverande ordlyd i petroleumslova § 1-6 bokstav l omfattar ikkje alle løysingar utanfor 200 nautiske mil. Det vert difor foreslått ei endring av denne regelen på bakgrunn av dei spørsmål som er omtala under punkt 1.3.

3.3 Endring i andre lover

3.3.1 Endring i lov av 21. juni 1963 nr. 12 om vitenskapelig utforskning og undersøkelse etter og utnyttelse av andre undersjøiske naturforekomster enn petroleumsforekomster (kontinentalsokkelloven)

Noverande ordlyd i kontinentalsokkellova § 1 første ledd omfattar som petroleumslova § 1-6 bokstav l ikkje alle mogelege løysingar utafor 200 nautiske mil. Det vert foreslått ei tilsvarende endring i denne regelen, jf. punkt 3.2.2 og punkt 1.3 ovanfor.

3.3.2 Endring i lov av 17. desember 1976 nr. 91 om Norges økonomiske sone

Gjeldande ordlyd i lov om Norges økonomiske sone § 1 andre ledd siste del kan synest for avgrensande då den ikkje omfattar alle mogelege løysingar innafor 200 nautiske mil. Det vert gjort framlegg om ei endring av regelen for å opne for dei spørsmål som er omtala under punkt 1.3 ovanfor.

Det er og ønskjeleg at lov om Norges økonomiske sone vert oppdatert ved at tilvisninga i lova § 2 andre ledd til den førre petroleumslova av 1985 vert bytta ut med ei tilvising til lov 29. november 1996 nr. 72 om petroleumsvirksomhet.

Om lov om endringar i lov 28. juni 2002 nr. 61 om felles regler for det indre marked for naturgass, i lov 29. november 1996 nr. 72 om petroleumsvirksomhet (petroleumsloven) og i somme andre lover

4 Økonomiske og administrative konsekvensar

4.1 Økonomiske og administrative konsekvensar i høve til nedstraumssektoren i samband med gjennomføringa av gass-marknadsdirektiv II

I og med at nedstraumssektoren i Noreg er marginal i dag, vil gjennomføringa av direktivet ikkje føre til administrative, økonomiske eller budsjettmessige konsekvensar av noko omfang.

4.2 Økonomiske og administrative konsekvensar i høve til oppstraumssektoren i samband med gjennomføringa av gass-marknadsdirektiv II

Den lovendringa som det vert gjort framlegg om er berre av lovteknisk art og direktivet inneber ikkje økonomiske eller administrative konsekvensar av noko omfang.

4.3 Økonomiske og administrative konsekvensar i samband med andre mindre lovendringar

Dei lovendringane som det vert gjort framlegg om inneber ikkje økonomiske eller administrative konsekvensar av noko omfang.

Olje- og energidepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringar i lov 28. juni 2002 nr. 61 om felles regler for det indre marked for naturgass, i lov 29. november 1996 nr. 72 om petroleumsvirksomhet (petroleumsloven) og i somme andre lover

Vi HARALD, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i lov 28. juni 2002 nr. 61 om felles regler for det indre marked for naturgass, i lov 29. november 1996 nr. 72 om petroleumsvirksomhet (petroleumsloven) og i somme andre lover i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringer i lov 28. juni 2002 nr. 61 om felles regler for det indre marked for naturgass, i lov 29. november 1996 nr. 72 om petroleumsvirksomhet (petroleumsloven) og i somme andre lover

I

I lov 28. juni 2002 nr. 61 om felles regler for det indre marked for naturgass vert det gjort slike endringer:

Tittelen på lova skal lyde:

Lov om felles regler for det indre marked for naturgass (*naturgassloven*)

Overskrifta romertall I vert oppheva.

§ 2 bokstav b skal lyde:

overføring, transport av naturgass gjennom et høytrykksgassrørledningsnett, *unntatt oppstrøms gassrørledningsnett*, med sikte på levering til kunder,

§ 2 bokstav c skal lyde:

distribusjon, *transport* av naturgass gjennom lokale eller regionale gassrørledningsnett, med sikte på levering til kunder,

§ 2 bokstav f skal lyde:

system, ethvert overførings- eller distribusjonsnett, *LNG-anlegg eller lageranlegg* som eies eller drives av et naturgassforetak, *lagring i rørledning og foretakets anlegg* som yter tilknyttede tjenester, *samt tilknyttede foretaks anlegg* som er nødvendig for å gi adgang til overføring, distribusjon og LNG,

§ 2 ny bokstav g skal lyde:

LNG-anlegg, en terminal som brukes til omdanning av naturgass til væske eller import, lossing og regassifisering av LNG, herunder tilleggstjenester og midlertidig lagring som er nødvendig for regassifiseringen og den påfølgende levering til overføringsnettet, men skal ikke omfatte noen del av LNG-terminaler som brukes til lagring,

§ 2 ny bokstav h skal lyde:

kvalifiserte kunder, alle kunder hjemmehørende i en EØS-stat, unntatt husholdningskunder. Fra og med 1. juli 2007 alle kunder.

§ 3 skal lyde:

§ 3. *Adgang til system*

Kongen kan bestemme at naturgassforetak og kvalifiserte kunder skal ha rett til adgang til systemet.

§ 4 skal lyde:

§ 4. *Myndighet til å gi forskrifter*

Kongen gir nærmere regler til gjennomføring og utfylling av denne lov, herunder nærmere bestemmelser om retten til adgang til systemet og *andre utfyllende bestemmelser om driften av systemet, slik som krav til naturgassforetakenes virksomhet, konsesjon, regnskap, forbrukerbeskyttelse, uavhengig regulator og behandling av tvister, saksbehandlingsfrister og utsatt iverksetting av vedtak.*

§ 5 skal lyde:

§ 5. *Tilbakekall eller endring av tillatelse*

Ved overtredelse av denne lov, forskrift gitt i medhold av loven, fastsatte vilkår eller gitte pålegg, kan departementet tilbakekalle eller endre tillatelse gitt i medhold av loven her.

Ny § 6 skal lyde:

§ 6. *Tvangsmulkt*

Ved overtredelse av denne lov eller pålegg gitt i medhold av loven, kan departementet eller den departementet bemyndiger, ilegge tvangsmulkt.

Tvangsmulkt tilfaller staten og er tvangsgrunnlag for utlegg.

Om lov om endringer i lov 28. juni 2002 nr. 61 om felles regler for det indre marked for naturgass, i lov 29. november 1996 nr. 72 om petroleumsvirksomhet (petroleumsloven) og i somme andre lover

Kongen gir regler om tvangsmulktens størrelse, varighet og andre bestemmelser om fastsettelse og gjennomføring.

Ny § 7 skal lyde:

§ 7. Ny vurdering av loven

Innen 2014 skal departementet gjennomgå loven for å vurdere behovet for en nærmere lovregulering på lovens område.

Overskrifta romertall III vert oppheva.

Ny § 8 skal lyde:

§ 8 Ikrafttredelse

Loven gjelder fra den tid Kongen bestemmer.

II

I lov 29. november 1996 nr. 72 om petroleumsvirksomhet (petroleumsloven) med seinare endringer vert det gjort slike endringer:

§ 1-6 bokstav l skal lyde:

kontinentalsokkelen, havbunnen og undergrunnen i de undersjøiske områder som strekker seg utover norsk sjøterritorium gjennom hele den naturlige forlengelse av landterritoriet til ytterkanten av kontinentalmarginen, men ikke kortere enn 200 nautiske mil fra grunnlinjene som sjøterritoriets bredde er målt fra, likevel ikke utover midtlinjen i forhold til annen stat *med mindre annet følger av folkerettens regler for kontinentalsokkel utenfor 200 nautiske mil fra grunnlinjene eller overenskomst med vedkommende stat.*»

§ 1-6 bokstav o skal lyde:

kvalifiserte kunder, *alle kunder hjemmehørende i en EØS-stat, unntatt husholdningskunder. Fra og med 1. juli 2007 alle kunder.*

III

I lov 21. juni 1963 nr. 12 om vitenskapelig utforskning og undersøkelse etter og utnyttelse av andre undersjøiske naturforekomster enn petroleumforekomster vert det gjort slik endring:

§ 1 første ledd skal lyde:

Denne lov gjelder vitenskapelig utforskning av havbunnen og grunnen under denne og undersøkelse etter og utnyttelse av andre undersjøiske naturforekomster enn petroleumforekomster i indre norsk farvann, på norsk sjøterritorium og på kontinentalsokkelen. Med kontinentalsokkelen menes havbunnen og undergrunnen i de undersjøiske områder som strekker seg ut over norsk sjøterritorium gjennom hele den naturlige forlengelse av landterritoriet til ytterkanten av kontinentalmarginen, men ikke kortere enn 200 nautiske mil fra grunnlinjene som sjøterritoriets bredde er målt fra, likevel ikke utover midtlinjen i forhold til annen stat *med mindre annet følger av folkerettens regler for kontinentalsokkel utenfor 200 nautiske mil fra grunnlinjene eller overenskomst med vedkommende stat.*

IV

I lov 17. desember 1976 nr. 91 om Norges økonomiske sone vert det gjort slike endringer:

§ 1 andre ledd skal lyde:

Yttergrensen for den økonomiske sone trekkes i en avstand av 200 nautiske mil (én nautisk mil = 1852 meter) fra de grunnlinjer som til enhver tid er fastsatt, likevel ikke ut over midtlinjen i forhold til andre stater *med mindre annet følger av overenskomst med vedkommende stat.*»

§ 2 andre ledd skal lyde:

Opprettelse av den økonomiske sone endrer ikke innholdet i eller anvendelsesområdet for lov 21. juni 1963 nr. 12 om vitenskapelig utforskning og undersøkelse etter og utnyttelse av andre undersjøiske naturforekomster enn petroleumforekomster og lov 29. november 1996 nr. 72 om petroleumsvirksomhet eller forskrifter gitt i medhold av disse lover.

V

Lova blir sett i verk frå den tid Kongen fastset.

